



Knut Vikør.

Torsdag kl.19 er det klart for ei interessann føredragskro i Gamleskulen, og i samband med det har vi motteke føgjande presseskriv frå Festidalen:

Torsdag 30. juli inviterar Festidalen til føredragskro i Gamleskulen i Uskedalen. I år har vi valgt å gå for lettbeint og berikande tematikk. Flinker folk kjem frå to solide vestlandsbyar for å dele sin visdom med oss. Sjå berre her:

Knut Vikør - Frå den arabiske våren til kalifat og terror: Framveksten av IS i Midtausten.

Knut Vikør er professor i historie ved Universitetet i Bergen. Vikør har i ei årrekkje forska på islamsk historie, med særleg vekt på Nord- og Vest-Afrika på 1700- og 1800-tallet. I 2014 vart Vikør tildelt formidlingsprisen ved Det humanistiske fakultetet (UiB) for sin innsats og deltaking i den offentlege debatten om Midtausten og islam. Gjennom robust fagleg innsikt og solide analysar har Vikør gjeve folket brei kunnskap om islam. Sidan den arabiske våren starta i Tunisia vinteren 2011 har han formidla oppklarande og ryddige kommentarar om komplekse konflikter og kriser i den arabiske verd både gjennom TV og aviser.

Torstein Monsen - Mot sølvbryllup: Forholdet mellom Noreg og EU i gode og onde dagar (1992-2017)

Det norske folk har ved to høve stemt nei til deltaking i det europeiske fellesskapet og unionsprosjektet. Like fullt vert Noreg tettare integrert i det europeiske prosjektet. Korleis har det vorte slik, og korleis kan ein skildre forholdet mellom Noreg og EU? Og endeleg, kva med framtida til eit kriseramme EU og Noreg sin plass i unionen?

Jørg Arne Jørgensen -Vitskap og verdsbilete

Jørg Arne Jørgensen er fast gjestekommentator om religion og livssyn i Stavanger Aftenblad og leverer korrigerande skråblikk på emne der resten av middelklassen vandrar lukkeleg ignorerande vidare utan å stoppe opp. Frå vindusrekkja freistar han å sjå det store bildet, sette ting i perspektiv. Han er lektor i religion og samfunnsfag, vidaregåande trinn, ved Steinerskolen i Stavanger, og føreles iblant i religion ved UiS. Han er medforfattar av *Store spørsmål 8 - lærebok i RLE for ungdomstrinnet*. I føredraget sitt ser han litt nærare på den såkalla konflikten mellom tru og vitskap.



Jørg Arne Jørgensen.

Altså; ein nesten heilt vanleg torsdag i Uskedalen. Gitt til deg av Festidalen. Gode folk samlast og lyttar til formidlarar som har lese fleire bøker enn det er i samlinga til Kvinnherad Folkebibliotek. Det vert sett av god tid til den gode samtalen, baren er betjent og latteren skal sitje laust. Det er trass alt festival. Nytt(t) (kunne ikkje dy meg) høvet til å fylle på med kunnskap og få innsikt i nokre av dei viktige sosiale og kulturelle kjenneteikna i vår tid.



[Torstein Monsen.](#)

Tekst: Festidalen
Nett: Thor Inge Døssland

